

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.09.2021

Fylkesordfører Jon Askeland (SP) gjorde framlegg om å sette følgjande sak på sakskartet:

- PS 197/21 Revidert Bømlo-pakke - Presisering av vedtak

Fylkesutvalet slutta seg samrøystes til dette.

Silja Ekeland Bjørkly (H) gjorde framlegg om å sette RS 90/21 E134 Haukelivegen AS - generalforsamlinga sitt vedtak om auka bidrag til selskapet som politisk sak på sakskartet:

- PS 198/21 E134 Haukelivegen AS - generalforsamlinga sitt vedtak om auka bidrag til selskapet

Fylkesutvalet slutta seg samrøystes til dette.

Innkalling og sakliste vart godkjent med merknadene over.